



Miljødirektoratet
Postboks 5672 Sluppen
7485 TRONDHEIM

Vår ref.: 2017/10

Dykkar ref.: 2017/781

Dato: 16.03.2017

Genmodifisert sprøytemiddelresistent oljeraps GT73 til fôr, import og prosessering

Bioteknologirådet har motteke brevet frå Miljødirektoratet datert 18.01.2017, som gjeld søknad EFSA-GMO-RX-002 om fornya godkjenning av rapssorten GT73 under mat- og fôrforordninga i EU. Miljødirektoratet har bedt Bioteknologirådet om ei vurdering av søknaden og om spørsmål som gjeld berekraft, samfunnsnytte og etikk som eventuelt kan stillast til søkjaren.

I den genmodifiserte rapssorten er det sett inn to gen frå jordbakteriar som gjer planten resistent mot sprøytemiddel med glyfosat.

Etter genteknologiloven skal ein GMO ikkje skade helse og miljø for å bli godkjend i Noreg. Det skal òg leggjast vesentleg vekt på om GMO-en er samfunnsnyttig, etisk forsvarleg og bidreg til berekraftig utvikling. Fordi berekraft skal vurderast langsiktig og globalt, er tilhøva i produksjonslanda òg relevante ved søknader om import.

Noreg la i 2012 ned forbod mot import av rapsen GT73. Rapsfrø spreier seg lett, og raps kryssar seg lett med annan raps og ville slektingar av raps, og kan derfor utgjere ein miljørisiko i Noreg. Dette var saman med vurderingar av berekraft, samfunnsnytte og etikk grunnlaget for forbodet. Forbodet var i tråd med det fleirtalet på 15 av 17 medlemmer i Bioteknologirådet, rådde til i 2006.

Bioteknologirådet meiner at dei same argumenta framleis gjeld, og at å stille fleire spørsmål til søkjaren no ikkje vil gi avgjerande ny informasjon.

Bioteknologirådet rår til at Noreg held fast på forbodet mot rapsen GT73.

Med helsing

Kristin Halvorsen
leiar

Ole Johan Borge
direktør

Saksbehandlar: Audrun Utskarpen, seniorrådgivar

Kopi: Klima- og miljødepartementet

1Den gong Bioteknologinemnda

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	E-post:	Internett:
Stortingsgata 10	Stortingsgata 100	24 15 60 20	post@bioteknologiradet.	www.bioteknologiradet.no
0161 OSLO				